
Saksnr: 2020/62667-1
Saksbehandlar: Sigrun Espe

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		15.10.2020

Grind.no og Kulturhistorisk leksikon - samarbeid om digital formidling

Forslag til vedtak: Vestland fylkeskommune v/avdeling for kultur, idrett og inkludering, seksjon arkiv inngår eit langsiktig samarbeid med Universitetet i Bergen v/Universitetsmuseet om digital formidling av natur- og kulturhistorie i Vestland fylke.

Målet er å einast om ei felles digital formidlingsløyising basert på eksisterande tenester. For å nå dette målet skal dei to partane først gjennomføre eit forprosjekt. Konklusjonane frå dette arbeidet skal gi tydelege råd om korleis og på kva premisser ein skal jobbe med digital formidling med utgangspunkt i tenestene Grind.no og Kulturhistorisk leksikon.

Ei arbeidsgruppe med likeverdig representasjon frå UiB og Vestland fylkeskommune skal jobbe med forprosjektet og presentere eit nytt forslag til vedtak for hovudutval for kultur, idrett og integrering før sommaren 2021.

Seksjon arkiv har budsjettmessig dekning for forprosjektet.
Framlegg til vedtak:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering tek orienteringa til vitande, og ber om at forprosjektet vert lagt fram slik at ein kan ta stilling til budsjettmessige konsekvensar av samarbeidet mellom Vestland fylkeskommune og Universitet i Bergen

Samandrag

Vestland har mykje unik natur- og kulturhistorie. Det må vere ei målsetjing at flest mogeleg kjenner denne og forstår korleis vi er forma av historia vår, både lokalt og heilskapleg for Vestland.

Avdeling for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune og Universitetsmuseet ved UiB ønskjer å samarbeide om digital kunnskapsformidling med nynorsk som målform. Dei to eksisterande tenestene [Grind.no](http://www.grind.no) (www.grind.no, UiB) og [Kulturhistorisk leksikon](http://Kulturhistoriskleksikon.fylkesarkivet.no) (leksikon.fylkesarkivet.no, Fylkesarkivet) har mykje til felles, og presenterer natur- og kulturhistoria frå dei to tidlegare fylka på ein god måte. For å dekke heile fylket på ein best mogeleg måte ønskjer vi å samle våre ressursar om ein felles digital inngang til natur- og kulturhistoria i Vestland.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Arnt Ola Fidjestøl
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Vestland fylkeskommune og Universitetet i Bergen har ei målsetjing om, og eit ansvar for, å forvalte og formidle vår felles natur- og kulturarv, den historiske plattformen vårt er bygd på. Fylkeskommunen har ansvar for at historia vår vert teke vare på, gjort tilgjengeleg og formidla som del av ein samla og heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Universitetet i Bergen, saman med andre forskings- og utdanningsmiljø i Vestland, har til oppgåve å utvinna ny kunnskap og formidla denne til samfunnet.

I Vestland fylke må det vera eit mål å samarbeide om ei felles publikumsløysing som dekkjer heile fylket.

Samkøying av to digitale tenester

Digital formidling av natur- og kulturminne har vore ei viktig satsing både for fylkeskommunen og universitetet. Dei konkrete tenestene som det kan vere aktuelt å slå saman, er Grind.no (2009) og Kulturhistorisk leksikon (1998):

Grind.no er ein nettportal for formidling av kunnskap om landskap og livsmiljø i Hordaland, henta frå forskingsmiljøa ved UIB og andre forskingsmiljø i regionen. Det har nyleg vorte gjort ein jobb for å tilpasse både innhald og teknisk løysing til å skulle dekke Vestland fylke. Grind.no har eit kultur- og naturgeografisk perspektiv, der fagstoffet i stor grad er kartfesta slik at brukaren kan orientera seg via mobile karttenester, henta ned og dela tekst og bilete via sosiale media.

Grunnlaget for Grind.no er to kunnskapsbøker om Hordaland: Kulturhistorisk vegbok (1993) og Naturhistorisk vegbok (2004). Bøkene inneheld pedagogiske tema-artiklar, kombinert med naturhistoriske og kulturgeografiske presentasjonar av landskap og lokalitetar i kommunane.

Kulturhistorisk leksikon er ein nettportal for formidling av kulturhistorie, kulturminne og aktuelle hendingar frå Sogn og Fjordane i form av populærvitskapslege artiklar. Artiklane er skrivne av folk ved arkivet, ved musea, i kommunane med meir. Kulturhistorisk leksikon skal fungere som dørøpnar og vegvisar vidare inn til samlingar og kjelder for dei som vil fordjupa seg meir. Mykje av innhaldet er presentert i kart, og det har vorte starta eit arbeid med implementering av semantisk teknologi, som skal gjere det mogeleg å knyte innhald frå denne sida til anna digitalt materiale gjennom ein felles ontologi.

Arbeidet med Kulturhistorisk leksikon byrja i 1998 og var eit samarbeid mellom Fylkesarkivet og alle dei 26 kommunane i fylket. Kommunane arbeidde ut lister over kulturminne som dei gjerne ville ha skrive artiklar om. Kommunane samla også grunnlagsstoff som vart levert til Fylkesarkivet. Kommunane har vore sterkt involvert i utval og dei har delteke i finansiering av innhaldet. Kulturhistorisk leksikon vart lansert for publikum 29. september 1999 under namnet Kulturhistorisk Atlas-Leksikon for Sogn og Fjordane, og vart etter nokre få år ein del av den vanlege drifta av fylkesarkivet.

Dei to nettressursane har mykje til felles sjølv om det òg er markante skilnader. Det er eit mål å kombinere dei to tenestene og skape ei felles formidlingsløysing for natur- og kulturhistorie i Vestland. Ei aktuell løysing kan vere å halde fram med den eksisterande løysinga som grind.no brukar i dag, og justere, tilpasse og oppdatere denne. Dette er spesielt aktuelt sidan fylkesutvalet i Hordaland i 2019 løyvde fondsmidlar til grind.no som mellom anna er nytta til tilpassing til nye kommunar og regionar i Vestland fylke, samt noko innhaldsproduksjon knytt til kommunar og stadar i tidlegare Sogn og Fjordane.

Det vil krevje tid og ressursar å einast om og byggje opp både struktur og nytt innhald som kan dekkje begge tenestene både tematisk og geografisk. Identiteten til den nye tenesta må spegle eit likeverdig samarbeid mellom partane. Men dette arbeidet vil lønne seg på sikt om ein kan samlast om ei felles teneste med ein redaksjon.

Ein fellesredaksjon må ha representantar frå fylkesarkivet i Vestland fylkeskommune og Universitetet i Bergen. I tillegg til dette kan ein vurdere å invitere inn andre strategiske samarbeidspartar i ein redaksjon.

Språk

Vestland er kjerneområdet for nynorsk. Vestland fylkeskommune ønskjer å fremje eit levande og aktivt nynorsk skriftspråk. Det er viktig å vise fram nynorsk som fullgodt språk også innan digital tekstformidling. Ved å vidareføre og styrke den digitale satsinga på natur- og kulturformidling på nynorsk, vil dette prosjektet også støtte opp under dette.

Innhaldsproduksjon

Tilsette ved fylkesarkivet i Vestland fylkeskommune og Universitetet i Bergen er viktige innhaldsleverandørar i dag, og skal halde fram med å skrive tekstar til ei eventuell fellesløyning. I tillegg har UiB allereie sett i gang eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet om innhaldsproduksjon for å dekke heile den nye regionen. Dette vert dels finansiert med fylkeskommunale midlar frå 2019, tildelt med tanke på tilpassing til nytt fylke.

Ut over dette er det ønskeleg å samarbeide med andre for å få inn relevante artiklar, som musea i Vestland, Statens Vegvesen eller andre aktørar.

Ein del innhaldsproduksjon vert dekkja av eigenproduksjon og strategiske samarbeid. Men ein må på sikt rekne med å måtte bruke ein del midlar på å honorere eksterne skribentar.

Brukarmedverknad

Sogelag, institusjonar og andre kan kome med innspel til kulturminne, hendingar, historiske personar mm. som bør formidlast. Det er også rom for at eksterne kan skrive tekstar til publisering, i tråd med strenge retningslinjer og under redaksjonell oppfølging. Det vil vere naturleg å be kommunane kome med innspel til kva av den lokale natur- og kulturhistoria dei ønskjer å løfte fram.

Ein innloggingsfunksjon, som allereie ligg inne på grind.no, opnar for at tenesta kan fungere som eit prosjektverktøy i skuleverket eller for lokale sogelag. Ved å registrere seg og logge seg på som brukar kan ein skrive artiklar som berre vert synlege for redaksjonen, ein sjølv og for andre brukarar som også har logga seg på. Dette kan opne opp for meir medverknad i form av artikkelskriving, ved at redaksjonen kan velje å publisere spesielt gode artiklar.

Aktuelle målgrupper

Målgruppene for ei ny felles formidlingsløyning vil spenne vidt:

- Ålmenta
- Aktørar innanfor kulturfeltet
- Aktørar innanfor reiseliv, fritid og turisme
- Aktørar innanfor utdanning og skule
- Kommunar og fylkeskommunar

For å nå ut til flest mogeleg må vi ha ein god strategi for deling og synleggjering av innhald gjennom sosiale medium, samarbeidspartnarar og andre medium som til dømes lokalaviser. Eit av måla våre er også å tilby opne lenka data og mest mogeleg innhald publisert under fribrukslisens. Dette vil gjere det mogeleg for andre å bygge nye tenester basert på innhaldet.

Kva må vi krevje av ei ny fellesløyning?

- Ei ny fellesløyning må spegle heile Vestland fylke.
- Ei ny fellesløyning må innehalde både overordna artiklar som tek føre seg ulike tema, samt meir detaljerte artiklar om enkeltpersonar, kulturminne, hendingar og liknande. Desse kan knytast saman på ulike måtar for å formidle ein heilskap innanfor ulike område.
- Ei ny fellesløyning må innehalde eit godt, dynamisk kart. Både Grind.no og Kulturhistorisk leksikon har eit mål om å kople geodata til mest mogeleg av innhaldet og framstille dette i kart. Brukarar kan finne fram til det dei er på jakt etter med utgangspunkt i kartet.

- Ei ny fellesløyising må ha ein god og naturleg struktur med tanke på tema, geografi og nivå på artiklar. Begge tenestene er i dag bygd opp rundt ulike tema og emneord. Grind.no har fleire overordna temaartiklar, medan Kulturhistorisk leksikon har meir konkret, detaljert og lokalt innhald.
- Ei ny fellesløyising må legge til rette for gjenbruk og deling av innhald, mellom anna gjennom bruk av opne lenka data, fribrukslisens på så mykje som mogeleg og gode ontologiar/vokabular.
- Ei ny fellesløyising må vere tilpassa eit digitalt publikum. Tekstar og bilete må vere av god kvalitet, og artiklane må vere forståelege for folk flest.
- Ei ny fellesløyising må ha ein tydeleg logo og eit innbydande design som både UiB og fylkeskommunen kan kjenne seg igjen i.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Vurderingar og verknader

Økonomi: I forprosjektet vil vi avdekke økonomiske kostnader og gevinstar ved å samlast om ein felles digital formidlingskanal. Ved ein fusjon av dei to tenestene må ein rekne med oppstarts- og omleggingskostnader knytt til mellom anna:

- sikring, tilpassing og flytting av eksisterande innhald
- samkøyring og tilpassing av metadata og vokabular/ontologi
- ny felles logo og design
- innhaldsproduksjon og -publisering

Ei aktuell løyising er å halde fram med og tilpasse den eksisterande tenesta grind.no. Dette vil i så fall bety mindre kostnadar til teknisk utvikling. Med ei eventuell ny fellesløyising har vi berre ei teneste å halde ved like, i staden for to. Kostnadar til drift, vedlikehald og teknisk utvikling vert dermed mindre. Samtidig vil tilsette både ved UiB og i fylkeskommunen jobbe med innhaldet og løyisinga, noko som også vil kunne redusere tida kvar av partane nyttar på dette.

Det vil også vere ei målsetjing i forprosjektet å utarbeide eit framlegg til korleis eit samarbeid kan fungere økonomisk. Dei to partane skal begge bidra, men på kva måte og nivå må greiast ut.

Eksisterande og tidlegare finansiering:

Kulturhistorisk leksikon er drifta av kulturavdelinga i fylkeskommunen ved seksjon arkiv og finansiert av fylkeskommunale løyvingar. Fylkeskommunen har ikkje eit eige driftsmiljø, så drift og vedlikehald vert gjennomført av eksterne konsulentar. Sida må snart gjennom ei større oppgradering.

Grind.no er drifta av Universitetet i Bergen, som også har finansiert konvertering av materiale frå Kultur- og Naturhistoriske vegbøker for Hordaland til web og mobil, og noko omsetjing til engelsk. Vegbøkene vart i si tid finansierte av Universitetet i Bergen og Hordaland fylkeskommune med fleire. Fylkeskommunen har gitt fleire løyvingar til utviklinga av tenesta.

I 2019 løyvde fylkesutvalet i Hordaland fondsmidlar til digital formidling gjennom grind.no. Denne løyvinga er mellom anna nytta til teknisk og funksjonell oppgradering av Grind.no, og tilpassing til nye kommunar og regionar i Vestland fylke. Den har òg finansiert noko innhaldsproduksjon knytt til kommunar og stadar i tidlegare Sogn og Fjordane.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi:

I utkast til ny regional planstrategi er det skissert fire hovudmål som skal leggest til grunn for all utvikling, planlegging og aktivitet i fylket. Arbeidet med digital kulturformidling støtter opp om desse måla:

Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Ei kunnskapsbasert kjelde til natur- og kulturarv på nett gjer innhaldet meir tilgjengeleg og enklare å bruke vidare. Dette vil kunne bidra til vidare kunnskapsutvikling, innovasjon og formidling. Kvalitet og brukarane si oppleving av tenesta er viktig.

Eit av måla våre er å tilby opne lenka data og mest mogeleg innhald publisert under fribrukslisens. Kartfesta digitalt innhald om natur- og kulturarv vil til dømes kunne vere viktig for innhaldsutvikling innanfor reiseliv, kreative kulturelle næringar eller anna. Dette vil gjere det mogeleg for andre å bygge nye tenester basert på innhaldet.

Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland

3.1 Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

Eit lokalsamfunn er bygd på lokal natur- og kulturhistorie. Spor etter menneske og dyr som har vore her før, er viktige for å forstå og identifisere seg med ein stad. Natur- og kulturarven er med på å bygge lokal identitet, stoltheit og tilhørslse.

3.3 Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

Digitale tenester som eit nettleksikon vil utjamne avstandsulemper ved at alle kan få tilgang til kunnskapsbasert materiale utan å vere avhengige av nærleik til høgare utdanningsinstitusjon, større bibliotek eller arkiv.

Mål 4 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Fleire eldre har etter kvart mykje digital kompetanse, og mange seniorar ønskjer å få tilgang til lokalhistoriske kjelder til privat bruk eller til bruk i lagsarbeid. Digital tilgang til kunnskapsbasert materiale kan legge til rette for mykje godt frivillig arbeid med lokalt natur- og kulturarvsmateriale.

Dette samarbeidet mellom fylkeskommunen og høgare utdanningsinstitusjonane vil gi innbyggjarane i regionen ei digital kjelde til læring og kompetanseutvikling.

Konklusjon

Med utgangspunkt i det vi veit om dei to formidlingsløysingane grind.no og Kulturhistorisk leksikon, samt innleiande samtalar med representantar frå Universitetsbiblioteket ved UiB, vil administrasjonen tilrå at forprosjektet vert sett i gang.